



## Statens vegvesen

Asplan Viak AS Bergen  
Postboks 2304  
5824 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
16/83677-2

Dykkar referanse:  
606498-01

Vår dato:  
03.06.2016

### Varsel om oppstart av reguleringsplan for Alverflaten næringsområde sør del av gnr. 137 bnr. 23 m. fl. – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 26.05.16 med varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Alverflaten næringsområde sør, del av gnr. 137, bnr. 23 m. fl. I Lindås kommune.

Planområdet er på om lag 50,8 daa og ligg ved Alver næringsområde på Alverflaten. Planområdet er i hovudsak avsett til eksisterande og framtidig næringsverksemd i kommunedelplan for Knarvik-Alversund 2007–2019. Mindre deler av er vist som landbruks-, natur- og friluftsområde. Deler av planområdet overlappar planområdet for Alver Næringsområde, gnr. 137, bnr. 325 og 469 m. fl., Plan-ID 1263-201206 som det ble varslet oppstart av planarbeide for den 24.06.14 av Ard arealplan. Det same gjelder for reguleringsplan for Breimyra (Alvervegen 10), gnr. 137, bnr. 109, Plan-ID 1263-201207, vedtatt i Lindås kommune den 19.02.15.

I vår uttale til varsel om oppstart av planarbeid for Alver Næringsområde, gnr. 137, bnr. 325, 469 m. fl. bad vi om at det vart gjort ei vurdering av om det var trong for ytterlegare tiltak i krysset med fylkesveg 565 i samband med regulering av næringsområdet og vi bad og om at det måtte gjennomførast ein trafikkanalyse for å avklare trafikkauken og trafikkavviklinga i krysset i samband med utbygging av næringsområdet. Dette kravet er framleis aktuelt når næringsområdet no vert utvida.

I den godkjende reguleringsplanen for bustadområdet Breimyra er det vist opprusting av Alvervegen frå krysset med fylkesveg 565 og fortau langs Alvervegen. Det er innarbeidd rekkjefølgjekrav om at opprusting av Alvervegen (o\_KV1) og bygging av fortau (o\_FT1-5) må vere opparbeidd i samband med utbygginga av bustadane i Breimyra.

Statens vegvesen krev at det vert innarbeidd eit tilsvarande rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for Alverflaten næringsområde slik at ein sikrar at Alvervegen vert opprusta med tilbod til mjuke trafikantar uavhengig av kven av utbyggingsprosjekta (Breimyra, Alver Næringsområde eller Alverflaten næringsområde) som vert realisert først.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

I tillegg til dette ber vi om at det og vert vurdert tiltak for mjuke trafikantar langs tilførselsvegane gjennom næringsområda.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN